


Du kan få låne
trollbøker
inne på museet.

Trollskog, eventyr og segn

Her er det tussar og troll i skogen!



Mange eventyr og segner har bakgrunn frå naturen, og mange av dei har sitt opphav nettopp frå slik furuskog som dette.

Bjørnemose


Bjørnemose har fått namnet sitt fordi dei trudde bjørnen samla denne mosen til hiet sitt. 14 dagar før bjørnen gjekk i hi, breidde han mose utover steinar for å tørke den. Austavinden i oktober vart kalla bjønnavind fordi den tørka bjørnemosen.

Dei meinte òg at bjørnen var glad i å ete sporehusa på mosen (sjå bilete).



ALVAR, HULDRER, TUSSAR OG TROLL

Alvane dansar når det er tåke ved daggry eller i skumringa. Då kan nemleg tåka likne på dansande damer med slør. Dei er vakre, men kan vere skumle...



Ei **hulder** er ei vakker kvinne med kjole og gult hår som dukkar opp i skog og mark. Skapningen forsvinn på mystisk vis. Folk var redde huldra, og det fins mange historier om huldrefolket. Det fanst huldrekyr òg!

Tussane er små og lever ned i jorda. **Trolla** er dei mest kjente fantasifigurane.

Kan du finne postkassen? Titt oppi og sjå om du finn eventyr der.